

SOLUND KOMMUNE

REGULERINGSPLAN FOR

DEL AV HERSVIK

UTGREIING og FØRESEGNER

Juni 1985



UTGREIING TIL

REGULERINGSPLAN FOR DEL AV HERSVIK, SOLUND KOMMUNE

Lokalisering.

Det regulerte området ligg sentralt i Hersvik frå kaien og oppover til skulen. Området er vestvendt og fritt.

Storleik.

Heile planområdet er på omlag 19 da.

Topografi og vegetasjon.

Området stig frå sjøen og oppover til omlag cote 35. Den gjennomsnittlege stigninga er på 1 : 4.5. Området er småkupert. Det er stort sett opa grasmark med lite vegetasjon. Djupna på lausmassane er opp til 1 - 1.5m, men ligg i gjennomsnitt på 0.5 m. Nokre stadar går fjellet heilt opp i dagen.

Planutforminga.

Gjennom utkast til soneplan har ein kome fram til hovudtrekka i arealbruken for bygda. Soneplanen byggjer i hovudtrekk på eksisterande arealutnytting, der plasseringa av viktige fellesfunksjonar som kai, skule, post, kyrkje og forretning er fastlagd.

Det er trongen for nye bustastomter som er hovudårsaka til at det no vert fremja ein reguleringsplan for området. Lokaliseringa og storleiken av bustadområdet er fastsett i soneplanframlegget for bygda. Bustadtomtene ligg sentralt til i bygda med god tilknytning til eksisterande busetnad.

Vegnett.

Alle dei offentlege vegane i bygda er kommunale. Eksisterande veg til bygda frå nord er på planen vist utvida til 5m køyrebane og 1m grøft på kvar side. Krysset ved forretninga og vegen ned til kaien er og utvida til same standard.

Det er planlagd ny veg til skulen og til tomtene på oversida av bygdevegen, då den eksisterande vegen til skulen er for bratt og har dårleg sikt i avkøyrsla. Vegen er planlagd 4m breid med 1m grøft på kvar side. Stigninga er maksimalt 125% (1:8).

Ein har funne det forsvarleg å leggje vegen med så sterk stigning ut i frå dei lokalklimatiske tilhøva i Solund, med lite snø og glatt føre om vinteren, og frå røynsler med same stigning på andre vegar i kommunen. Det er ikkje naudsynt med noko eige gangvegnett i Hersvik, då det ikkje er gjennomfartsveg i bygda og busetnaden er på omlag 30 bustadhus, dei planlagde irekna.

Det er sett av ein korridor til gangsti frå kaien og opp til bygdevegen, litt lenger nord enn der gangstien går i dag. På kaien er det naudsynt med riving av eit eldre naust for å utvida snuplassen som i dag er for trang, særleg for bussruta.

Bustadarealet.

Det er regulert inn 9 nye bustadtomter. Av desse ligg tre mellom bygdevegen og kaien, og 6 over veggen. Tomtane har ein storleik på 7 - 800 m². Det er vist garasjar på kvar tomt. Nokre av tomtane har felles avkøyrsløse.

I planen er og med tre eksisterande bustadtomter. Desse har fått innregulert noko tilleggsareal.

Forretningstomta.

Eksisterande forretningstomt er utvida mot nord og aust.

Industriområdet, naust.

Området nord for kaien, der den tidlegare forretninga står, er avsett til industriføremål. I dette området er det to eksisterande naust som går inn i planen.

Offentlege bygningar.

Skuletomta har fått eit lite tilleggsareal på 200 m² like ved innkøyrsla. Det er sett av ei tomt til bygging av garasje for brannvernet nede på kaiarealet kombinert med kaiskur.

Friområde.

Det er sett av areal til gangsti og 2 sandkasseleikeplassar som friareal. Leikeplassen på skulen kan nyttast av dei større borna.

Vatn og avlaup.

Reguleringsområdet får vassforsyninga frå fellesvassverket i bygda som har hovudleidning på austsida av bygdevegen. Det må byggjast nytt avlaupsanlegg til sjøen frå utbyggingsområdet. Utsleppet må førast ut forbi moloen.

ISIS, Hermansverk 01.10.82

Leif H. Jacobsen
Leif H. Jacobsen

Revidert 12.12.80 etter
byggningsrådsvedtak i sak 110/80

Revidert 23.09.81 etter
byggningsrådsvedtak i sak 59/81

Revidert 01.10.82 etter
byggningsrådsvedtak

REGULERINGSFØRESEGNER
FOR
REGULERINGSPLAN FOR
DEL AV HERSVIK
I SOLUND KOMMUNE

ISIS, Hermansverk 18.11.80

Revidert 12.12.80 etter
bygningradsvedtak i sak 110/80

Revidert 23.09.81 etter
bygningradsvedtak i sak 59/81

Revidert 01.10.82 etter
bygningradsvedtak

§ 1. AVGRENSING:

Det regulerte området er på planen vist med avgrensingslinje.
Føresegnene gjeld for dette området.

§ 2. REGULERINGSFØREMÅL:

Området innafor avgrensingslinja er regulert til:

Byggeområde: Bustadar
Forretningar, kontor m.v.
Industri, naust
Offentlege bygningar.

Trafikkområde: Køyreveg
Parkeringsplassar
Kai, molo, fiskerihamn

Friområde: Gangsti
Sandkasseleikeplassar.

§ 3. BYGGEOMRÅDE:

3.1 Bustader.

I området kan først opp bustadhus og garasjar. Maksimum byggjehøgde er 1½ etasje over grunnmur. Der terrengtilhøva etter bygningsrådet sitt syn ligg til rette for det, kan sokkeletasjen nyttast til opphaldsrom innafor råma av byggjeføresegnene. Maksimum utnytting er 0.2 for kvar einskild tomt.

Bygningsrådet kan tillate at det vert ført opp rekkehus o.l. på tomtene innafor råma som utnyttingsgraden gjev.

3.2 Forretning, kontor m.v.

Området skal nyttast til oppføring av forretning/kontorbygg.

Det er høve til å nytte delar av bygget til bustadføremål.

3.3 Industri, naust.

Området skal nyttast til oppføring av bygg for industri-, verkstad- og lagerføremål. Eksisterande naust går inn i planen. Der er høve til å føra opp nye naust/sjøhus i samband med utnyttinga av området.

Der vert ikkje tillate anlegg som ved lukt, røyk eller støy vil verka sjenerande for tilgrensande bustadområde.

3.4 Offentlege bygningar.

Området skal nyttast til skule, postkontor i samsvar med tekstinga på reguleringskartet.

§ 4 TRAFIKKOMRÅDE:

I planen er vist trafikkområde som køyrevegar, parkeringsplassar, kai, molo og fiskerihamn.

På kaiområdet er det høve til å byggja kaiskur/brannstasjon som vist på reguleringskartet. Detaljutforminga av kai-fronten vert å fastsetja i særskild plan.

Breidde, kurvatur og stigningstilhøve som vist på planen skal leggjast til grunn for utforminga av vegane.

§ 5 FELLESE FØRESEGNAR:

- 5.1 Bygningsrådet skal ved handsaming av byggemeldingane sjå til at bygningane får ei god form og materialbruk, og at bygningar i same gruppe får ei harmonisk utforming. Farge på hus og bygg skal godkjennast av bygningsrådet.
- 5.2 Inga tomt må inngjerdast eller plantast til med tre eller busker på ein slik måte at det etter bygningsrådet sitt skjøn er sjenerande for den offentlege ferdsel. Dei ikkje utbygde delane av tomtene bør gjevast ei tiltalende utforming.
- 5.3 Eksisterande vegetasjon må vernast om på best mogeleg måte.
- 5.4 Utforming, høgde og farge på gjerde skal godkjennast av bygningsrådet.
- 5.5 Desse reguleringsføresegnene kjem i tillegg til bygningslova og dei bygningsvedtektene som gjeld i Solund kommune.
- 5.6 Det er ikkje tillate å få i stand private servituttar som strir mot reguleringsplanen eller desse reguleringsføresegnene.
- 5.7 Mindre vesentlege unntak frå desse reguleringsføresegnene kan, når særlege grunnar talar for det, tillatast av bygningsrådet innanfor råma av bygningslova og bygningsvedtektene for Solund kommune.